



LINDÅS KOMMUNE

Eikanger skule



Referat frå møte i SMU (skulemiljøutvalet)

Tid: Onsdag 8. juni kl. 17.30-18.45

Stad: Personalrommet, Eikanger skule

Til stades på møtet: Ariane Urhaug og Sunniva Eidsnes (elevrepresentantar)

Anders Eidsnes (FAU)

Magnus Ådnanes (FAU)

Linn Ø. Søraa, lærar og tillitsvalt Udf.

Hanne Kleiven, lærar

Sonja Moldeklev, ped.medarbeidar og tillitsvalt Fagf.

Lena Otterbu Fyllingen, rektor og referent

Malin Knudsen, kommunalt oppnemd, kom ila møtet.

Forfall: Henning Fyllingsnes (FAU), Cassandra Lavik (Elevrådet), Jacob Smørød (Elverådet)

SMU-Sak 01 06/16 Rektor informerte om Plan for systematisk arbeid med skulen sitt læringsmiljø. Planen skal reviderast for neste skuleår, SMU og SU vil få høve til å komme med innspel. Planen, slik han ligg føre i dag, vart sendt ut saman med innkallinga. Ingen merknader/ innspel per no.

Rektor informerte om framlegg til ny lovtekst i kap. 9a i Opplæringslova. Endringa inneber eit tydelegare krav om nulltoleranse for krenkjande åtferd og ei tydeleggjering av aktivitetsplikta til dei tilsette. SMU støtter dette. Framleggget om endring i høve til krav om enkeltvedtak vart diskutert. SMU tenkjer at kravet om enkeltvedtak i slike sakar sikrar ei tydeleg og ryddig saksgang. Om kravet fell vekk er det særstakt viktig at kommunen innfører strenge dokumentasjonsrutinar. Høyringsfrist er 01.08.2016.

SMU-Sak 02 06/16 Rektor informerte om Eikanger skule sin trafikkplan. Planen vart sendt ut saman med innkallinga. Merknader/ innspel til planen bør kome skulen i hende innan 16. september 2016. Planen skal så godkjennast i SU. Ingen innspel til planen per no, men ironien i utdelt skilt frå kommunen, «Trafikksikker skule» vart diskutert. Det er ei kjend sak at både skuleveg og dropsone ikkje er trafikksikker.

Adresse:
Fyllingsnesvegen 350,
5913 Eikangervåg

Telefon
56 37 50 30
56 37 52 02 – rektor

Organisasjonsnr.
935 084 733

E-post: eikanger.skule@lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE

Eikanger skule



SMU-Sak 03 06/16 Informasjon om arbeid i Elevrådet og andre trivselstiltak v/ elevrepresentantane. Elevane fortalte om ulike fellesarrangement i regi av skulen, til dømes fellesmåltid, aktivitetsdagar og juleverkstad. Vi fekk også høyre om fellesarrangement som elevane sjølve har teke initiativ til og styrt på meisterleg vis, til dømes fotballcupen no i vår, og talentshowet som står på trappane.

SMU-Sak 04 06/16 Informasjon v/ rektor om gjennomførte utbetringar på bygg og uteområdet vart konsentrert til diskusjon kring ønskjer for plassen der den gamle lærarbustaden stod. Elevar og lærarar ønskjer seg ei planering av området og asfalt, slik at vi får ball-/sykkel-/hoppetauplass. Rektor og elevråd har meldt saka vidare til rett instans, og ventar på svar.

SMU-Sak 05 06/16 Informasjon om arbeid i FAU v/ Anders Eidsnes. FAU har m.a. arrangert reflekskampanje på Eikanger, der Trygg Trafikk og politiet var til stades. Utdeling av refleksar/ refleksvestar og premie til alle var stor suksess. Den planlagde sporløypa vert lagt til tidleg haust. FAU Eikanger har i samarbeid med fleire nabo-FAU arrangert temakveld for foreldre med tema grensesetting. Det er ei utfordring å få fleire til å stille. Eit samarbeid mellom skulen og FAU, der elevar og foreldre vert invitert til temakveld saman vart diskutert og godt motteke i SMU. Eikanger har eit aktivt FAU som engasjerer seg i elevane sin kvardag.

SMU-Sak 06 06/16 Innspel til vidare arbeid i SMU. Denne saka vert teke opp på neste SMU-møte, tidleg haust.

SMU - Evt. Ingen saker

Referent: Lena Otterbu Fyllingen

Adresse:
Fyllingsnesvegen 350,
5913 Eikangervåg

Telefon
56 37 50 30
56 37 52 02 – rektor

Organisasjonsnr.
935 084 733

E-post: eikanger.skule@lindas.kommune.no